



Hundvin naturbarnehage AS
Hundvinsvegen 5
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1867 - 14/22066

Saksbehandlar:
Jorunn Nøttveit Moen
JNO@lindas.kommune.no

Dato:
29.09.2014

Kommunalt tilskot 2014 - nytt vedtak

Lindås kommune fattar nytt vedtak om kommunalt tilskot for 2014 ut frå avtale om mellombelse plassar for barnehageåret 2014/2015. For barnehageåret 2014/2015 har barnehagen 3 mellombelse plassar.

Tilskotet for våren er utrekna med bakgrunn i årsmeldinga pr 15.12.2013. Tilskotet for hausten er utrekna med bakgrunn i barneliste mottatt frå barnehagen.

Samla tilskot for 2014 vil bli:

Tilskot vår 2014	kr 3 420 464 * 7/12 =	1 995 271
Tilskot haust 2014	kr 3 417 899 * 5/12 =	1 424 125
Sum tilskot 2014		3 419 396

For perioden januar – september har de fått utbetalt 2 559 891 kr. Ved å avrekne dette mot tilskotet for heile året, blir det att 859 505 kr for perioden oktober – desember. For perioden oktober – desember vil de få utbetalt 286 502 kr pr måned.

Endeleg avrekning av tilskotet for 2014 vil bli gjort når kommunen sin årsrekneskap for 2014 ligg føre. Avrekninga vil bli korrigert i tilskotsutbetalinga for juli 2015.

Vi gjer merksam på at barnehageeigarar som gjennom året tek imot høgare tilskot enn det er tilskotsgrunnlag for, anten må betale tilbake eit tilsvarende beløp, eller får trekt frå beløpet ved utbetaling av tilskot ved eit seinare høve, eventuelt i samband med utbetalinga for året som kjem.

Vi gjer også merksam på at Lindås kommune kan omgjere vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jf. forvaltningslova § 35, femte leddet.

Barnehageeigaren kan klage til fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jf. forvaltningslova § 28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jf. forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.



Vi tek atterhald om at fylkesmannen og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hundvin naturbernehage AS

Hundvinsvegen 5 5956

HUNDVIN